

Til Radøy kommune

REVISORS BERETNING VEDRØRANDE KOMPENSASJONSOPPGÅVE FOR MEIRVERDIAVGIFT

Vi har revidert Radøy kommune si kompensasjonsoppgåve for 3. termin 2014, som viser eit kompensasjonsberettiga beløp på kr 1 419 696. Oppgåva er utarbeidd av leiinga på bakgrunn av lov om kompensasjon for merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner mv og tilhørende forskrift.

Leiingas ansvar for oppstillinga

Leiinga er ansvarleg for utarbeiding av kompensasjonsoppgåva i samsvar med lov om kompensasjon for merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner mv. og tilhørende forskrift. Leiinga er og ansvarleg for slik intern kontroll som dei finn nødvendig for å gjere mogleg utarbeiding av ei oppgåve som ikkje inneheldt vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misligheiter eller feil.

Revisors oppgaver og plikter

Vår oppgåve er å gi uttrykk for ei meining om kompensasjonsoppgåva på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med god revisjonsskikk i Norge, herunder internasjonale revisjonsstandarder. Desse standardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og utfører revisjonen for å oppnå betryggjande sikkerheit for at oppstillinga ikkje inneheldt vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber å utføre handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i kompensasjonsoppgåva. Dei valte handlingane er avhengig av revisors skjønn, herunder vurdering av risiko for at kompensasjonsoppgåva inneheldt vesentleg feilinformasjon, enten det skyldes misligheiter eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for einingas utarbeiding av kompensasjonsoppgåva med det føremål å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessig ut frå omstendighetene, men ikkje for å gje uttrykk for ei vurdering av effektiviteten i eininga sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei brukte rekneskapsprinsippa er hensiktsmessig.

Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Etter vår meining er Radøy kommune omfatta av kompensasjonsordninga, og det oppgitte beløp kompensasjonsberettiga i samsvar med lov om kompensasjon for merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner mv. og tilhørende forskrift.

Avgrensa distribusjon

Denne revisjonsmeldinga er utarbeidd for å hjelpe kompensasjonsberettiga einingar med å oppfylle krava i forskrifta og er ikkje eigna til andre føremål. Vår revisjonsmelding er kun berekna på Radøy kommune og Skatteetaten og skal ikkje distribuerast til andre partar.

Isdalstø, 27.08.2014

NORDHORDLAND REVISJON IKS


Reidar Bjørsvik
Revisjonssjef



Arkivert innsending:

**RF-0009 Kompensasjon av merverdiavgift for kommuner og fylkeskommuner mv.,
Hovudoppgåve, Mai - juni, 2014**

Dato sendt: 27.08.2014 16:19

Avsender: 954748634-RADØY KOMMUNE

Mottaker: Skatteetaten

Signeringssteg 1 Signeringssteg 2

KVAMME SVEINUNG BJØRSVIK REIDAR

27.08.2014 14:27 27.08.2014 16:19

Referansenummer: AR77020748

Det er gjennomført en maskinell kontroll under utfylling, men vi tar forbehold om at det kan bli oppdaget feil under saksbehandlingen og at annen dokumentasjon kan være nødvendig.

Vennligst oppgi referansenummer ved eventuelle henvendelser til etaten

Følgende er sendt:

RF-0009 Kompensasjon av merverdiavgift for kommuner og fylkeskommuner mv.,

Hovudoppgåve, Mai - juni, 2014

Sammendrag for RF-0009 Kompensasjon av merverdiavgift for kommuner og fylkeskommuner mv.

Samlet til gode

1 419 695

Informasjon for å betale:

År	2014
Termin	mai - juni 2014
Betalingsfrist	20.08.2014
Betale til	Merverdiavgift - Skatte- og avgiftsregnskap
KID	1322959547486347
Beløp	0
Til konto	63450508200